



Kulturelt fellesskap på Husnes, med mellom andre Røysterett for alle leia av Maria Malmsten. (Foto: Magne Fitjar)

Torsdag kveld var det offisiell opning av av dei nye lokala til Vaksenopplæringa i Kvinnherad som har 135 elevar frå 26 land- også mange frå Uskedalen. Lokala ligg i Aksen og innsida.no skriv at det no er ein akse av sprudlende, kulturelt overskudd.

Opninga var prega av dans, dikt, sang og servering av herleg mat. Rektor Elisabeth Crols hadde fått med Røysterett for alle dirigert av Maria Malmsten, ordførar Synnøve Solbakken, verksemdsleiar Kjell Sigbjørn Røssland og sjølv sagt elevar og lærarar. Crols understreka at elevane jobbar hardt for å lære seg norsk.

- Dei har funne det nødvendig å leggja ut på ei lang reise og her må dei byggja seg opp på nytt. Dei fleste har reist av pur nødvendighet, på grunn av krig, men også på grunn av kjærleik. Mange sagn meldar seg i eit nytt land og elevane gjer ein knallhard jobb her, sa Crols under markeringa. Den starta i biblioteket og heldt fram i gangen utanfor. Det var servering i skulen sine lokaler.

Det vart lese dikt på mange tungemål og lærar Astrid Eikeland las Vårherres klinkekule av Erik Bye. Ordføraren var imponert over alle dei flotte draktane som spesielt kvinnene frå Midt-Austen hadde på seg. Ho sa at kommunen har eit fargerikt fellesskap og eit kultuelt mangfald som vi kan vera stolte over. Vaksenopplæringa har flytta mange gonger, mne no har dei trivelege og fine lokal, konstaterte ordføraren.